Fra: kristian versto[kversto@yahoo.com]
Mottatt: 16.09.2026 08:28:30
Til: Postmottak Vinje[postmottak@vinje.kommune.no]
Tittel: Høyring Hjortejakt

Høyringsinnspel om hjort

Eg vil gjerne koma med eit innspel som skogeigar.

Eg støttar at det vert lov å bruke termisk sikte og restlysforsterkande sikte på hjortejakt. Eg meiner også at minstearealet for hjort bør vere 1 000 dekar.

Eg såg den fyrste hjorten her i 1998. Den gongen var det ikkje mykje hjort å sjå. No har det blitt mykje meir. I dag ser eg ofte flokkar på 10–15 dyr.

Som skogeigar ser eg også at skadane på skogen blir større for kvart år. Det blir meir beiting på både ungskog og eldre skog, og då blir det vanskelegare å få opp skogen slik me ønskjer. Om våren er det òg store flokkar på innmarksbeite.

Eg meiner difor at det må takast meir omsyn til skog og innmark når me skal bestemme kor mykje hjort me skal ha. Hjorten er ein fin del av naturen og ein viktig jaktressurs, men det må vere ein balanse mellom hjort og skog.

Eg trur termisk sikte kan vere eit godt hjelpemiddel for å få tatt ut meir hjort når det trengst.

Eg meiner også at 1 000 dekar minsteareal vil vere ein god måte å få til ei betre forvaltning av hjorten på. Hjorten er vanskeleg å jakte på.

Eg håpar kommunen vil ta med seg dette innspelet vidare, og særleg sjå på den utviklinga me har hatt dei siste åra.

Eg er òg i kontakt med skogeigerar og gardbrukerar i arbeid, på Vestlandet der hjortebestanden har kome mykje lenger, er det snakk om heile bestand med fleire 100 m3 som er øydelagt.

Frå ein hjort i ny og ne i 1998 til flokkar på 10–15 dyr i dag seier etter mi meining ganske mykje om utviklinga.

Ser Tokke Kommune har gjort eit hastevedtak på detta, det meinar eg Vinje og bør gjera.

Med helsing

Kristian Versto
Mannås
Sendt fra min iPhone